

Rapport frå vernerunde på TIK-senteret 14. oktober 2016

Deltakarar på vernerunden: Taran Mari Thune (verneombod) og Frode Løvik (administrativ leiar)

Vernerunden var varsla i TIK-nytt og via e-post 13.10.2016. Alle tilsette vart inviterte til å koma med innspel om lokale, reinhald, inneklima, lys, støy, ergonomi, brannvern, elektrisk utstyr, ulukker, avfall, og papirbruk.

Tilsette som ikkje var til stades under vernerunden vart oppmoda til å kome med innspel til det fysiske arbeidsmiljøet per e-post.

Vernerunden i femte etasje i Eilert Sundts hus og andre etasje i Harriet Holters hus vart gjennomført 14. oktober 2016.

Denne rapporten vert distribuert til alle tilsette via TIK-nytt, vert send til studentrepresentantar, Teknisk Avdeling, og skal elles være tilgjengeleg for alle på nettet.

Føremål:

Kartlegge om dei fysiske arbeidsforholda på TIK er i samsvar med gjeldande sjekklister.

TIK sine lokale – 5. etasje Eilert Sundts hus / 2. etasje Harriet Holters hus

TIK sine lokale i Eilert Sundts hus må karakteriserast som mørke og utdaterte. Kontora er ikkje pussa opp på ei god stund og treng at standarden vert heva. Korridorane er svært mørke og på ingen måte positive for arbeidsmiljøet ved senteret. Fellesromma fekk eit løft for nokre år sidan, men her slit ein med temperatur og luftkvalitet. Ein ser fram til at den varsla oppgraderinga vert gjennomført i 2018.

Manglande temperaturregulering og skjerming for sola er også problem som er melde inn av dei tilsette i fleire rundar. Eilert Sundts hus er eit gammalt bygg. Det er vanskeleg å gjere noko med dette, men teknisk avdeling har gjennomført tiltak der det er mogleg. På vernerunden var det påfallande mange som melde om kalde kontor. TIK har fleire flyttbare oljeradiatorar som har blitt brukte på kalde kontor. Det er ein viss brannfare med denne type varmekjelder. Administrasjonen vil undersøke om det finns betre løysingar som kan stillast til disposisjon for kalde kontor og møterom.

Administrasjonen vil også kontakte teknisk og be om ein gjennomgang av sentralvarme og vindauge på TIK sine kontor og møterom før vinteren melder seg for alvor.

Kontora i Harriet Holters hus er av litt betre standard, men også her er det enkelte kontor der det er problem med å få opp temperaturen. Lysforholda i begge bygg er heller ikkje optimale. I Eilert Sundts hus gir lysøyra i taket eit lys som fleire tilsette har klaga på. I Harriet Holters hus er taklyset mykje svakare og krev bruk av leselampar i tillegg.

Under dei rådande føresetnadene, er likefullt inntrykket er at staben stort sett har kontorarbeidsplassar som held ein standard som er til å leve med.

Følgende er notert av feil og mangler på de ulike kontorene:

Kontor-nummer	Feil/mangler:	Tiltak/ansvar:	Frist	Status
521	Kontoret er mellombels ikkje i bruk. Temperaturen i rommet var låg og vanskeleg å få opp.	Varme + vindauge.		
520	Den tilsette var til stades. Det er problem med varmen, men den tilsette har fått omn som kan brukast i tillegg. Vindauge må sjekkast. Eit lysrøyr i taket må skiftast.	Varme + vindauge. Lysrøyr/ FL - teknisk		
519	Den tilsette var til stades. Også her er det problem med temperatur. Nedre del av utvendig persienne kan ikkje regulerast. Ny stol med nakkestøtte.	Varme. Persienne / FL Ny stol / FL	1.11.2016 1.11.2016	
518	Den tilsette var ikkje til stades. Kontoret er i grei stand og ser ut til å vera greitt fungerande.			
517	Dei tilsette var ikkje til stades. Her er det også problem med temperaturregulering. Frittstående omn kan hjelpe.	Varme. Omn / FL	1.11.2016	
515	Ingen av dei tilsette var til stades. Kontoret er i grei stand og ser ut til å vera godt fungerande. Eine varmeomnen mot sør fungerer ikkje. Her kan det vurderast å sette inn eit skrivebord i tillegg, ny plass.	Varme.		
514	Den tilsette var ikkje til stades. Kontoret er i grei stand og ser ut til å vera godt fungerande. Eit lysrøyr må byttast ut.	Lysrøyr / FL	1.11.2016	

Kontor- nummer	Feil/mangler:	Tiltak/ans var:	Frist	Status
513	Den tilsette var til stades. Her er det også behov for betre temperatur-regulering. Ein tilrår å redusera innhald/vekt i ein del av hyllene og unngå støvplager.	Varme.		
511	Den tilsette var ikkje til stades. Det er til tider vanskeleg å regulera temperaturen. Det er behov for ein ny stikk-kontakt på vegg ved arbeidsplassen.	Flytte stikk-kontakt + etablere ny. / FL	1.11.2016	
509	Den tilsette var til stades. Det er behov for betre temperatur-regulering. Den tilsette er ikkje nøgd med lysforholda. Kontorstol er øydelagd og må erstattas.	Varme + vindauge. Ny kontorstol / FL	1.11.2016	
508	Den tilsette var til stades. Kontoret er i grei stand. Kontorstolen har eit armlene som ikkje fungerer, ny stol inn.	Ny kontorstol / FL	1.11.2016	
507	Den tilsette var til stades. Kontoret er i grei stand og ser ut til å vera godt fungerande.			
506	Den tilsette var til stades. Kontoret er i grei stand, men temperaturreguleringa må sjekkast.	Varme		
505	Den tilsette var til stades. Her er det også problem med temperaturreguleringa.	Varme + vindauge.		
Lese- salen	Rommet skal endrast til felleskontor og vart difor ikkje inspisert så nøye.			
551 Møte- rom	Møterommet var særskildt då vi kom dit på runden. Ein flyttbar omn bør inn.	Varme + vindauge		

Kontor- nummer	Feil/mangler:	Tiltak/ans var:	Frist	Status
546	Kontoret var ikkje i bruk denne dagen. Det er problem med temperaturregulering og trekk frå vindaugget.	Varme + vindauge		
545	Den tilsette var ikkje til stades. Her er det også problem med temperaturregulering. I tillegg er det støy frå varmeanlegget.	Varme- anlegg.		
544	Den tilsette var ikkje til stades. Kontoret er i grei stand og ser ut til å vera godt fungerande, men møbleringa er under vurdering.	Vurdere omløp /ADM		
543	Den tilsette var til stades. Kontoret er i grei stand, men det er problem med temperaturreguleringa.	Varme		
542	Ein av dei tilsette var til stades. Kontoret er i grei stand, men det er også her problem med temperaturreguleringa.	Varme		
540	Den tilsette var ikkje til stades. Kontoret er i grei stand, men eine varmeelementet fungerer ikkje. Isolasjonslist i øvre høgre kant av døra må på plass. Her må ein også vere observant på vektfordelinga i bokhyllene.	Varme Isolasjons- list / FL	FL	
538	Den tilsette var ikkje til stades. Kontoret er i grei stand, men det er problem med temperaturreguleringa.	Varme + vindauge		
537	Den tilsette var til stades. Det er ingen varme frå fellesanlegget og problem med trekk frå vindaugget.	Varme + vindauge		
536	Den tilsette var til stades. Kontoret er i grei stand, men det er ikkje varme i elementet under ein vindaugget.	Varme + vindauge		

Kontor- nummer	Feil/mangler:	Tiltak/ans var:	Frist	Status
535	Den tilsette var til stades. Kontoret er i grei stand.			
534	Den tilsette var til stades. Kontoret er i grei stand, men varmeelementet under eine vindaugget fungerer ikkje.	Varme		
532	Dei tilsette var ikkje til stades. Her er det problem med temperaturregulering og eine vindaugget kan ikkje lukkast heilt igjen.	Varme + vindauge		
531	Kontoret var mellombels ikkje i bruk. Kontoret er i grei stand, men ein bør sjekke temperatur- reguleringa.	Varme		
530	Den tilsette var til stades. Kontoret er i grei stand. Det er store mengder papir og bøker på kontoret, noko som kan vere ei kjelde til støvplager. I tillegg må ein sjekke opp temperaturreguleringa.	Varme + vindauge		
Kopi- rommet	Fellesrommet er i grei stand og ser ut til å vera godt fungerande.			
Pause- rommet	Fellesrommet er i grei stand, men det er problem med temperaturreguleringa.	Varme + vindauge.		-
Felles- areal	Ingen særskilte merknader.			
HH249	Den tilsette var til stades. Her er det også problem med temperaturregulering. Det er vidare problem med lys, og ny leselampe må inn. Den tilsette treng ny stol og har kontakta bedr.fysioterapeut.	Varme. Leselampe / FL Fysio- terapeut / stol / FL	1.11.2016 1.11.2016	
HH248	Den tilsette var til stades. Kontoret er i grei stand, men det	Leselampe / FL	1.11.2016	

Kontor- nummer	Feil/mangler:	Tiltak/ans var:	Frist	Status
	trengs ein ekstra leselampe.			
HH247	Den tilsette var ikkje til stades, og kontoret vart ikkje inspisert.			
HH213	Den tilsette var ikkje til stades, og kontoret vart ikkje inspisert.			
HH212	Den tilsette var ikkje til stades, og kontoret vart ikkje inspisert.			
HH211	Den tilsette var ikkje til stades, og kontoret vart ikkje inspisert.			
HH210	Den tilsette var ikkje til stades, og kontoret vart ikkje inspisert.			
HH209	Den tilsette var ikkje til stades, og kontoret vart ikkje inspisert			
HH206	Gjesteforskar var ikkje til stades, og kontoret vart ikkje inspisert.			
HH 205	Gjesteforskar var til stades. Kontoret er i grei stand, men det er sett inn ekstra varmeomn for å bøte på eit utett vindaug.	Varme + vindaug		